

SOGNDAI

kyrkjelydsblad



Nr. 4 | desember 2022 | 50. årgang



God jul!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Bankgiro: 3705.19.42087

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad
Postboks 180
6851 Sogndal

Besøksadresse:
Kyrkjecontoret
Stedjetunet 2. etasje
Kyrkevegen 6
6856 Sogndal

Telefon kyrkjecontoret:
57 67 99 85
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til
heimane i alle sokn i Sogndal
kommune med unntak av Leikanger
sokn. Det er også mogleg å tinga
bladet for dei som bur utanfor sokna
bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet
kjem ut i slutten av mars.
Stoff kan sendast til
post@sogndal.kyrkja.no
innan 17. februar.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,
kr. 400,- for abonnentar.

ENDELEG ei normal jul!

Neidå, eg skal ikkje gnura på om korona i leiaren ein gong til, men eg berre må få det ut: Herlighet så deilig det er å igjen kunne ha ei nokonlunde normal jul i kyrkja!!

Det er så godt å sleppe å planlegge ting, som så må avlysast rett før på grunn av endra reglar eller smittetrykk eller kva det måtte vere.

Det er smått absurd å tenke på at det er tre år sidan vi sist hadde ei normal, tiltaksfri og «ubegrensa» jul i kyrkja! Tre år sidan vi til dømes kunne ha kyrkjelyden sin julekonsert i Leikanger og dei andre kyrkjene.

Eg må innrømme at for eigen del så er det i år faktisk kjekt og inspirerande å planlegge jula. Med mange gode folk får vi til det vi vil og kan planlegge det vi vil, utan å ofre potensielle avlysingar ein tanke.

Og for ei jul det blir: i løpet av 14 dagar blir det heile 11 konsertar eller andre kulturelle arrangement i kyrkjene våre. I tillegg kjem 13 «vanlege» gudstenester, og ei rekke skule- og barnehagearrangement.

Til konsertane og ein del av julegudstenestene er eit stor tal frivillige med, anten dei er i eit skulekorps, eit musikklag, eit kor, sjølvstendige musikkarar eller som er med på andre måtar. Alle desse bidreg stort til at vi i kyrkja får høve til å gje gode opplevingar og skape julestemning.

Men det er ein ting som er viktigare enn alle desse frivillige som bidreg – og det er at det kjem folk til

kyrkjene! Utan folk i benkane, ville jula vore stusseleg, og det hadde vore demotiverande også for dei flinke koristane, korpsmusikarane og andre å spele for tomme kyrkjer.

Og det er der vi har vore dei to siste åra: Vi har ikkje kunne samla så mykje folk, konsertar har vi ikkje kunne hatt i våre kyrkjer grunna avstandskrav.

Men i år vert det heldigvis anleis: I år kan vi fylle kyrkjene så langt som brannforskriftene våre tillet.

Difor: Kom til kyrkja di i jula! Gå på ein konsert eller fleire! Ta med deg nokon – ein ven eller ein nabo eller ti!

Julaftan er tradisjonelt veldig godt besøkt, og vi skal skape gode opplevingar denne dagen slik vi har tradisjon for.

Men skal eg kome med ei særleg oppmoding, så må det bli: Kom til gudstenestene på juledag! Juledag er den store høgtidsdagen, og vi jobbar for ekstra flotte gudstenester i kyrkjene våre på denne dagen i år.

Så; fyll opp kyrkjene på konsertane, fyll opp kyrkjene på julafta, fyll opp kyrkjene på juledag, og sjølvsagt: fyll opp heimane dykker med god julestemning!

God jul!

Hallgeir Øgaard Westli

Redaktør

Foto på framsida:

Stort bilet: Englane kjem til gjeterane med bod om Jesu fødsel. Måleri av Govert Flinck (1615 – 1660)

Lite bilet venstre: Frå Tårnagentdagen i Ølmheim kyrkje 22. oktober.

Foto: Kyrkja i Sogndal

Lite bilet høgre: Illustrasjonsfoto Birte Husum

Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt biletet eller skrive noko som

du ynskjer at vi skal ta inn i bladet?

Send det gjerne på e-post til:

post@sogndal.kyrkja.no

innan 17. februar.

Diakonihjørnet

Julaftan på Stedjetunet kl. 15

Det kan vere fint å feire julaftan saman med andre, og du er velkommen til Stedjetunet (Kyrkevegen 6) på julaftan kl. 15.

Vi set oss til bords og eter julemiddag kl. 15.30. Etter mat vert det lesing av juleevangeliet, juletre-gang og meir til! Du bestemmer sjølv kor lenge du vil vere, men kvelden vert avslutta kl. 18.

Vi treng vite kor mange vi skal førebu middag til! Du kan difor ta kontakt med diakon Gitte, tlf. 974 16 519 eller Åge Vedvik, Frivilligsentralen, tlf. 951 40 615 innan måndag 19. desember.

Det må være minimum 10 personar som deltek for at vi skal klare å arrangere julaftan i fellesskap!

Det er ekstra fint om dei som ynskjer å vere med på julaftan, òg kan hjelpe til med noko i forkant, men det er frivillig! Det skal pyntast i stova på Stedjetunet, juletreet skal pyntast, julekaker skal lagast, lage dessert, lage eller kjøpe og pakke inn julegåver. Om det ikkje høver å hjelpe til er du sjølv sagt like velkommen!

Vi ser fram til felles julaftanfeiring, og håper dette er noko for deg å vere med på!

Kvelden vert arrangert i eit samarbeid mellom Kyrka i Sogndal og Frivilligsentralen i Sogndal.



Juletrefest i Stedje kyrkje ved Dåpsringen



Denne kjekke flokken med damer, er med i Dåpsringen i Stedje. Dåpsringen på Stedjetunet er open for alle som vil vere med! Sjå datoar på heimesida til kyrkja.

Utanom fine samlingar, sosialt fellesskap, kaffidrøs og loddsal, arrangerer dei òg juletrefesten i Stedje kyrkje, som i år vert søndag 8. januar kl. 17.

Juletrefesten er tradisjonell, og dette er det mange som set pris på, så merk deg dag og tid, og kom bli med både små og store!

Gitte Therkelsen Torstad

Diakon



En jul å
glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165

Blå Kors

Nytt frå fellesrådet

Me må starte med den gode nyheita om at no er hjortegjerdet på Kaupanger på plass!

Dette har vore eit etterlengta gjerde, og som det har knytt seg mange kjensler til. Løyve som er gitt gjeld eit sesongbasert gjerde som kan stå oppe frå september til og med april. Sjølv om det ikkje kan stå oppe heile året, håpar me at det likevel skal hjelpe godt på problemet.

På Kvamsøy er det også utført mykje arbeid. Der har kyrkja fått ny taktekking og ny takstein, tårnet er måla og tårntaket tjærebreidd. Austveggen er bygt opp att med noko nytt og noko gammalt treverk, og inngangsdøra er tjærebreidd. Ikkje minst har me også fått på plass takrenner i messing, noko me håpar vil hjelpe på slitasjen frå vind og vær på kyrkja. Den gamle døra skal bli ny og er under arbeid. Denne var svært øydelagd av insekt og elde. Dei gamle hengslene skal nyttast opp att, men det er laga eit nytt handsmidd beslag slik at døra kan låsast frå innsida.



Mykje naudsynt arbeid har vore gjort på Kvamsøy kyrkje i år. Foto: Jorunn Merete Haukås-Eide

Kvamsøy er ei staseleg mellomalderkyrkje frå om lag år 1300. Me håpar at med dette vedlikehaldsarbeidet som er gjort no vil den kunne stå i mange år til framover.

Det har også vorte utført mykje vedlikehald på Stedje kyrkje i

år – og meir må gjerast til neste år. Mellom anna har det store vindauge over hovudinngangen vorte restaurert slik at me ikkje lengre treng å frykte for at glasbitar skal falle ut frå dei om lag 100 små rutene som er der. Trappa på sideinngangen i sør var også i ferd med å gli ned i



Hjortegjerdet på Kaupanger er komen på plass. Foto: Hallgeir Øgaard Westli.

marka, og den drog også med seg inngangspartiet ut frå kyrkjeveggen. No er ny trapp på plass og inngangspartiet er i ferd med å bli bygt opp att. Mange andre ting er også utført på kyrkja no, og meir må som sagt gjerast. Me håpar også å få måla kyrkja utvending til våren.

Utanom desse store prosjekta arbeider me også med å få på plass brannvernanlegg, lynvern-anlegg, utbetring av el-anlegg m.m. i nokre av dei andre kyrkjene våre. I tillegg skal kyrkjeorgelet i Leikanger kyrkje få eit etterlengta større vedlikehald til sommaren. Kyrkjene våre er gamle og treng ettersyn og vedlikehald, og det prøver me å få til.

Jula er som kjent ei stor høgtid for kyrkja. Mange gudstenester, barnehagebesøk, juletrepynting, konsertar m.m. skal planleggast og utførast. Me håpar å sjå deg i kyrkja på noko av dette – og du skal vite at du alltid er velkommen!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

Mariahelg

på Alværa misjonssenter, Lavik 2023

Innimellan treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.–5. mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen.

Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart. Uansett – sett av helga no; 3.–5. mars

Spørsmål om helga og program – ta kontakt med:
Hanne Bildøy,
tlf. 996 10 528 /
hanne@bildoys.no



Utgjevingsplan 2023

Sogndal kyrkjelydsblad kjem ut 4 gongar i året – eit nummer til påske, eit til sommaren, eit på hausten og eit før jul.

Har du tatt biletet eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet? Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan stoffristen for kvart enkelt nummer.

Har du tips til noko vi kan skrive om? Ta gjerne kontakt med redaktør Hallgeir Øgaard Westli på e-post hallgeir.westli@sogndal.kyrkja.no eller telefon 94 00 38 34.

Nr 1-23: Påske
Stoffrist: 17. februar. Utgjeving i slutten av mars.

Nr 2-23: Sommer
Stoffrist: 12. mai. Utgjeving i midten av juni.

Nr 3-23: Haust
Stoffrist: 18. august. Utgjeving i slutten av september.

Nr 4-23: Jul
Stoffrist: 3. november. Utgjeving i byrjinga av desember.

Med helsing redaksjonen



Biskop Halvor Nordhaug utanfor Tjugum kyrkje i samband med visitas.

Takk til biskop Halvor

Biskop. Det er liksom fordums sus over tittel og person.

Halvor Nordhaug har bore tittel og kappa på ein samvitsfull måte; i respekt for det som har vore og med blikk for samtida og framtida, har han hegna om dei 176 sokna i Bjørgvin.

Halvor (me får lov å bruka førenamnet – eg lurte på om det uttales med stum H, men det avkreftar den kvikke tilsynsmannen!) har hatt embete i snart 14 år. Han er nummer 34 i rekka etter reformasjonen, og har soleis djupe røter i kristenlivet i vest.

Biskop tyder 'tilsynsmann'. Han skal sjå etter at prestane

arbeider i tråd med det dei lova i ordinasjonen, og han skal leia og rettleia kyrkjelydane i deira trusliv i helg og kvardag.

Visjonen for bispedømmet vårt er: 'Saman vil vi være den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd.'

Det vart Halvor sitt program, og dette har han konkretisert gjennom dei mange visitasane. Kyrkja må prioritera forkynninga; både den som står på stolen og den som hører, må stadig la seg utsetja for Guds ord. Berre slik kan himmelens Gud få plass i oss og mellom oss, og den krossfeste og oppstadne Jesus vera Frelsar og Herre.

Halvor har vore ein klartenkt og talefør representant for kristen tru og tanke, midt i vår samtid. Elska i avisredaksjonar og media, nettopp grunna klare meininger og formuleringar.

Offentlege og nære samtalar på Litteraturhuset i Bergen, med 'motpartar' av ymse slag, gav ettertanke i begge 'heiagjengane'.

Halvor har vore vanleg prest òg, både studentprest og kyrkjelydsprest. Viktigast er vel dei 13 åra som rektor på praktisk-teologisk seminar ved Menighetsfakultetet. Halvor treivst i denne posisjonen, særleg ettersom faget hans er homiletikk (preikelære). Blivande



Gudsteneste i Tjugum kyrkje i samband med visitas.

prestar fekk god innføring og praksis under hans kateter.

Forkynninga ligg han på hjarta. Berre den skaper tru. Prestar i bispedømmet har òg fått merka hans faglege kunnskapar og hans milde, men tydelege rettleiing på dette området.

Dette blir noko av Halvor sin arv hjå oss: medvit og kvalitet i forkynninga. Gjerne i ledig form, men utan lettvinthetar i innhald.

‘Å ære Gud ved å skape rettferd’ ligg han på hjarta heilt til siste arbeidsdagen mellom oss. Han har blikk for dei gløymde i vårt land, og han ser ut over landegrensene. Saman med Normisjon, vitja han den evangeliske kyrkja på Cuba. Dei slit, men me kan hjelpa, seier Halvor. Denne vesle kyrkja er Bjørgvin si venskapskyrkje.

Underteikna hugsar Halvor frå studietida; han var riktignok

i ein annan divisjon enn meg. Klartenkt, velformulert og uredd møtte han medstudentar både når det galdt fag og politikk.

Same kvalitetane har han framleis. 70-talet var prega av parolar, men 70-åringen ser lenger, med andre krav til intellektuell og teologisk klårleik. Samstundes ser han etter moglege kompromiss som kan letta trykket når det hardnar. Også i vårt prosti har han satt ned grensestolpar. Han og den skarve prosten var vel ikkje samde i alt, men det lyt so vera. Halvor skapte respekt og tillit, og kvitterte med det same.

Takk for alle vitjingar til våre bygder! Du oppfordra alltid til jamnare kyrkjegong, slik at kyrkjelivet vert nettopp dët!

Signing og alt godt som pensjonist, med kone, born og barneborn! Halvor har nok ikkje lagt ned pennan og talen til

kyrkja sitt beste, både med og utan stum H! Og på Fredrikstad stadion, - der skal nok bisperøysta vera meir utan filter!

Geir Paulsen
Prost

Jostein Risa
Foto



Prostivistas på Sogndal hotell i oktober 2022.

- Folkekyrkja står sterkt i Sogn

Biskop Halvor Nordhaug vil ikkje ha noka gáve når han sluttar som biskop i Bjørgvin. Han bed heller om ei gáve til Den lutherske kyrkja på Cuba.

– Me vil prøva å få til hjelpesendingar til kyrkja. Me har ei viktig oppgåve med å samla inn pengar som me kan dela med syskena våre på Cuba. Det som er smått for oss som gjev, er monaleg større for dei som tek i mot, seier Nordhaug, på samlinga i Sogndal i byrjinga av oktober, der han møtte tilsette og frivillige arbeidarar i kyrkja i Sogn prosti.

Treng hjelp

Biskopen sier kyrkja på Cuba treng hjelp og det er viktig å stø prosjekta deira. Det er mange initiativ i kyrkja, og me veit at hjelpa når fram. Bjørgvin bispedømeråd har venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja Iglesia Evangelica Unida på Cuba, saman med Normisjon, som har samarbeidd med denne kyrkja i over 20 år. Han viser òg til at den norske ambassaden er inne med tilskot.

Språkforvirra

– Det er spennande å reisa rundt i bispedømet og særleg er det kjekt å møta dei unge, fortel biskopen. Men då han som 11-åring var på bilferie saman med foreldre og broren sin, opplevde han ei språkforvirring utan like i det første møtet med Sogn på Hermansverk.
– Ein gut som var jamgamal med meg, og kom ned på campingplassen. Eg forstod ikkje kva han sa. Me spelte fotball, og me enda med å snakka engelsk, fortalte biskopen.



Med glede

Biskop Nordhaug har vitja alle prostia i Vestland når han no skal slutta som biskop. Han har vorte kjend for å vera ein profilert leiar av Bjørgvin bispedøme, og har i åra som biskop stått i striden om kvinnelege prestar og homofili.
– Eg vil takka alle dei frivillige for det store arbeidet de gjer. De er kyrkja, og kyrkja i Bjørgvin treng

mange andlet. Å reisa rundt for å inspirera og gje kyrkjelyden utfordringar, har eg gjort med glede. Utruleg inspirerande er det, samstundes som det å møta 10. klassingar er mest skummelt. Om kvelden var det først ei kort samling i kyrkja, og så møte med frivillige på hotellet.

– Så godt å sjå prest Wenche Lie Lysne saman med biskopen under

gudstenesta, og like eins kor godt det var å sjå dei to samarbeida under nattverden, saman med prost Geir Paulsen og diakon Gitte Therkelsen Torstad, sa mange som deltok på gudstenesta.

Står sterkt

– Oppslutnaden om dåp og konfirmasjon er stor i Sogn. Over 90 prosent er døypte, og det viser at folkekyrkja står sterkt. De driv eit kjempegodt konfirmasjonsarbeid. Eg er stolt og glad over at de greier å halda stillinga, men den jamne kyrkjegangen kunne vore betre. Kyrkja er eit hus for spesielle hendingar. Utfordringa er å skapa ein grunn til at folk til å gå til kyrkja, som å invitera kor, musikklag eller bygdekinnelag til å delta. Koronaen gjorde at kyrkjer landet rundt måtte stengja ned, men det var ikkje berre negativt.

– Mykje var fint med koronanen, som til dømes at kyrkja inviterte til utegudstenester og folk kom.

Takka dei uløna

– Korleis kan kyrkja i Sogn bety meir for folk? Kristendomen har vore viktig for alle i landet i 1000 år. Kva har det gjort med oss? Gulatingslova har ein fantastisk tekst. Sjå kva kristendomen har gjort. Me skal retta ryggen, vera stolte av trua og arven vår, sa Nordhaug.

– Du er ein biskop med klare meininger og mot og seier kva som er viktig å ha fokus på her i Sogn, er uredd og trygg i det du står i. Eg vil takka Nordhaug for å ha eit varmt hjarta for dei som ikkje har det så bra, sa prost Geir Paulsen til den avtroppande biskopen.

Han gjer no austlending av seg att og flyttar til Ås, men pakkar ikkje ned prestekjolen. Han vil framleis ta på seg kyrkjelege oppgåver, skriva, lesa og framleis halda fram med å spela klassisk gitar.



Prost Geir Paulsen og diakon
Gitte Therkelsen Torstad under
nattverdsutdelinga i Stedje kyrkje.



Biskop Halvor Nordhaug og sokneprest Wenche Lie Lysne deler ut nattverd i Stedje kyrkje.



Her takkar biskopen dei mange som deltok på den siste gudstenesta hans i Stedje kyrkje som biskop.

Medarbeidarfest i Stedje kyrkje

Onsdag 28. september var det duka for medarbeidarfest i Stedje kyrkje. Om lag 85 personar tok turen til festen, der dei tilsette ved kyrkjekontoret hadde laga til ei feiring av dei frivillige.

Kvar dag, heile året, er det frivillige som dreg mykje av arbeidet som kyrkja i Sogndal gjer. For å vise kor mykje dei frivillige betyr for kyrkja, lagar staben ved kyrkjekontoret ein fest i slutten av september

kvart år. Kvar gong er det mål om å ha eit innlegg til inspirasjon for dei frivillige.

I år var det Vegard Skjeldestad som var invitert for å halde eit innlegg om Vegards Krefttråkk, og kva dei gjør. Vegard gav oss ei sterk historie om då han fekk påvist leukemi som 12-åring i 1994. På ein sykkeltur over Vikafjellet i 2016, fekk han ein visjon om at han ville sykla Jotunheimen Rundt for å samle inn pengar til born som er råka av kreft.

Visjonen blei til handling, og av 42 stykk som første gong var invitert med til å sykle Jotunheimen Rundt, var det rundt 20 som blei med. Målsettinga deira den gong var å samle inn 10 til 15.000 så dei kunne gje TVar til barneavdelingar rundt omkring på norske sjukehus.

Resultatet av innsamlinga blei mellom 150.000 og 200.000, samt eit ukjent antall personar, bedrifter og organisasjonar som gav beskjed om at dei kunne bidra på andre måtar.





Sidan blei Vegards Krefttråkk til det den er i dag; det dei får, vert brukt til å gje familiar til born med kreft eit «friminutt» i Sogndal. Dei får komme til bygda og vere med på mange gode og spennande aktivitetar, til dømes ein flygetur med helikopter, som Vegards Krefttråkk fekk sponsa til årets aktivitetshelg.

Ingenting av dette hadde vore mogleg utan innsats og bidrag frå frivillige. Gåver og sponsoring er til stor hjelp, men for å få hjula til å gå rundt er ein avhengig av innsats frå frivillige. Etter medarbeidarfesten, vart det høve til å gje ei gåve til Vegards Krefttråkk, og her kom det inn kr. 8.000,-!

Etter Vegard var det tid for Anita Instefjord, som heldt eit kort og godt innlegg om kva frivillig

innsats tyder både for den som får nyte seg av den frivillige innsatsen og den som gir frivillig innsats.

Sjølv kom ho til Leikanger utan å kjenne so mange. Ho byrja på babysong, og fekk gjennom babysong eit nettverk, og ei «kvilestund». Dei frivillige stella i stand mat, og kosa med babyen litt, slik at ho fekk senka skuldrane ei kort stund.

Det er ikkje alle som har eit nettverk der dei bur, og då er den rausheita og frivilligheita som vert vist, til dømes i babysong, av stor verdi for dei som får ta del.

Etter at Anita byrja å bli med i kyrkjelege samanhengar, har ho fått eit godt innblikk i kva kyrkja gjer, og kor brent spekteret er i den kyrkjelege aktiviteten.

Anita understreka fleire gonger at ho veit kor verdifull frivillig innsats er for mottakaren, men ho veit også at det er svært verdifullt for dei som er frivillige.

Etter desse innlegga, og underveis i kvelden, blei det både musikk ved staben i Sogndal, kantorane i Sogndal og Leikanger, og dei frivillige fekk gode kaker og bollar som staben hadde baka.

Vi takkar for at vi fekk diske opp for dykk, og gler oss til vi får stelle i stand medarbeidarfest for dykk i slutten av september 2023.

Hallgeir Øgaard Westli
Tekst og foto

Birte Husum
Foto

Renovering av orgelet i Leikanger

Til sommaren skal orgelet i Leikanger kyrkje renoverast. Det gjer at kyrkja må stengje for alle aktivitetar i dei vekne renoveringa foregår, men når jobben er ferdig, vert det eit orgel som vil fungere godt for framtida. Fellesrådet har inngått avtale for renoveringa med den nederlandske orgelbyggjaren Steendam Orgelmakerij som har vedlikehaldsavtale på Leikanger-orgelet frå før.

Orgelet i Leikanger vart bygd i 1981 av den norske orgelbyggjaren J. H. Jørgensen. Dette firmaet leverte òg det tidlegare orgelet i Leikanger, den gong under namnet Olsen & Jørgensen. Fasaden og orgelhuset stammar frå dette orgelet, som vart bygd i 1913.

J. H. Jørgensen er rekna for å vere den mest aktive norske orgelbyggjaren nokonsinne, med rundt 700 bygde orgel i Noreg frå firmaet starta opp som August Nielsen orgelbyggeri i 1876, til dei la ned som J. H. Jørgensen i 1990.

Frå ca. 1950 og fram til midten av 80-talet, var det brukt mykje elektronikk i orgel. Dei fleste større instrument som J. H. Jørgensen bygde i denne perioden, til dømes Bodø domkirke (levert i 1956) som var eit av dei største orgla i Noreg, brukte elektropneumatisk overføring. Det vil seie ein kombinasjon av elektronikk og lufttette rør for å styre stemmer og tonar.

Då ein nærma seg 70-talet og eit stykke inn på 80-talet, hadde ein konkludert med at denne teknologien var sårbar, og ein gjekk tilbake til mekanisk spelemekanikk, men ofte med elektrisk styring av stemmene, eller det som på orgelspråk heiter «registratur».

J. H. Jørgensen la ned verksemda si i 1990, men allereie då Leikanger-orgelet var bygd, var Jørgensen under avvikling som produksjonsbedrift. Berre 6 orgel vart levert etter Leikanger, av desse 4 mekaniske. Det siste orgelet dei produserte vart levert i 1983, berre to år etter Leikanger. Orgelet i Leikanger er med andre ord eit av dei definitivt siste orgla levert av den mest aktive og viktigaste norske orgelbyggjaren gjennom tidene.

Sjølv om orgelet er av god kvalitet, og er velfungerande, har det etter kvart blitt tydeleg at det var behov for eit større og meir grundig oversyn enn det ein får ved årleg vedlikehald. Det er ei lita liste over kva som skal gjerast, og noko har allereie blitt gjort.

Belysning og motorvern

Innsida av orgelet i Leikanger har vore veldig mørk. Sjølv med full belysning i kyrkerommet og på galleriet, har det vore vanskeleg å sjå kva ein gjer utan å nytte hovudlykt. Det har difor vore naudsynt å få installert belysning inne i orgelet.

Dette blei gjort i august i år, og ein har no fått kraftige LED-striper på kvar side av orgelhuset, som lyser opp innsida på ein slik måte at organisten ikkje skuggar for seg sjølv når han stemmer eller utfører anna vedlikehald.

I samband med ny belysning, fekk ein også installert ein ny motorverntrytar. Ein motorverntrytar har som oppgåve å skru av straumen inn til motoren dersom spenninga går over eit visst punkt amper, slik at motoren ikkje vert skada. Den som var, var frå slutten av 70-talet og meir enn moden for utskifting. Ein oppdaga i undersøkinga før skiftet, at den gamle motorverntrytaren var

innstilt på eit maksimum amper som låg 2-3 amper over maksnivået til motoren. Gjennom dei 41 åra motorverntrytaren har vore der, har den med andre ord ikkje beskytta motoren spesielt godt.



Ein har no fått montert ein motorverntrytar som ligg på same maksnivå som motoren, og merkeleg nok har det ført til at orgelet har blitt kraftigare. Truleg heng dette saman med at motoren har fått noko lågare spenning, anten grunna slitasje i motorverntrytaren eller flaskehals andre stader. No får motoren den spenninga han skal ha, og då leverer

han meir luft som igjen tyder noko kraftigare orgel.

Reingjering og omintonering

Gjennom dei 41 åra som har gått sidan orgelet var nytt, har det samla seg ei stor mengde støv og skit inne i orgelet og i pipene. Dette har dei seinare åra gjort det vanskeleg å utføre godt vedlikehald, ettersom pipene har

er dette «klangtilpasning». Orgelet har i dag ein noko spiss klang. Målet er at orgelet etter omintoneringa får ein varmare og meir syngjande klang enn det har i dag. Orgelbyggjaren har sjølv foreslått noko i retning det nye orgelet i Stedje, som har sine klangideal i retning gamle Olsen & Jørgensen-orgel.

klatre opp. Samstundes vert det også montert handtak i overkant av stigen, slik at ein kan halde seg fast når ein går opp.

Reparasjonar og måling av orgelhus

Orgelhuset som orgelet står i, vart som nemnt opphaveleg bygd til det gamle orgelet, og er frå 1913. Det er altså eit orgelhus på 109 år. Gjennom desse åra har nokre panel sprukke opp, og maling har flassa litt rundt omkring.

Panela som har sprukke opp vert bygd nye, og orgelhuset vert måla der det er naudsynt. Orgelhuset vil behalde dei fargane det har i dag.

Stengd frå pinse

Alt dette arbeidet krev at kyrkja vert stengd for all aktivitet i ein periode. Orgelbyggjaren må nytte benkene nede i kyrkja til oppbevaring av piper når desse er ute av orgelet, så det er ikkje mogleg å nytte kyrkja medan arbeida pågår.

Arbeidet vil ta til når konfirmasjonane er ferdige til pinse, og 5-6 veker fremover. Det vil seie at Leikanger kyrkje vert stengd frå 29. mai til 10. juli 2023. I denne perioden vil vi ha gudstenester anten i friluft eller på kyrkjelydshuset. Eventuelle gravferder i denne perioden må bli i andre kyrkjer.

Vi ber om forståing for at det i denne perioden må bli slik. Vi ser fram til å få eit nyrenovert og omintonert orgel som vil fungere godt for nye 40 år.

*Hallgeir Øgaard Westli
Tekst og foto*

halde därleg på stemminga.

Alle pipene skal takast ut av orgelet, og vert grundig reingjort. Orgelhuset vert grundig reingjort på innsida, og alle dei mekaniske delane vert åpna og reingjort, slik at dette skal fungere godt for nye 25-30 år.

Før pipene vert sett tilbake på plass, vil dei få ei omintonering. Kort fortalt

Trappestige

Ei av dei store utfordringane ved å stemme i orgelet i Leikanger, har vore å kome seg frå golvet og opp til pipene. Pipene står på ei plattform ca. 160/170 cm over golvnivå, og ein har måtte nytte seg av teleskopstige for å kome seg opp. Dette er ei lite ideell løysing, difor vert det no bygd ei fast trapp eller stige som skal vere god å

*Takk til Stein Johannes Kolnes,
Riksantikvarens orgelkonsulent,
for god informasjon om J. H.
Jørgensen sine aktivitetar rundt
bygginga av Leikanger-orgelet.*



Flygel i Stedje kyrkje

Dei siste åra har ein samla inn midlar til kjøp av nytt piano til Stedje kyrkje. Det har vore offer til føremålet i gudstenester og salmekveldar. Det er gitt ei større gåve frå privatpersonar og frå Sogndal musikkråd. Totalt er det no kr. 73.000 til disposisjon til piano.

Det noverande pianoet er av middels god kvalitet, og sjølv om det gjer nytten til å akkompagnere song og solistar, manglar det likevel ein del for å kunne fungere godt som både gudsteneste- og konsertinstrument.

Det har difor lenge vore eit ynskje å kjøpa nytt piano til Stedje kyrkje. Dei siste åra har nytt orgel i Stedje vore i fokus, og innsamling av midlar til piano har difor ikkje vore så mykje i fokus.

I samband med at ein no ynskjer å ta opp att innsamlinga, har vi og sett litt ekstra på kva ein ynskjer å få til. Konklusjonen i dette har vore at ein no primært ynskjer å skaffe pengar til eit flygel.

Eit flygel er vesentleg dyrare enn eit piano, men vi trur at eit godt flygel i Stedje kyrkje vil vere til stor glede i det kyrkjemusikalske arbeidet, og det vil vere eit stort løft for kulturlivet i kyrkjelyden og Sogndal.

I tillegg til eigne arrangement og konsertar, vert Stedje kyrkje mykje leigd ut til eksterne

konsertaktørar. Ved å kjøpe eit flygel, trur vi at Stedje kyrkje vil vere endå meir attraktivt som konsertlokale.

Ein del midlar er allereie samla inn til dette, men ein treng no endå meir. Det er difor oppretta ein Spleis for innsamling av midlar. Informasjon om denne finn du på nettsidene våre.

Dersom du ynskjer å gje, kan du og gje direkte til Stedje sokneråd på Vipps-nr 512003. Merk di gåve med «Flygel, Stedje kyrkje».

Gje gåve til flygel i Stedje?

Vipps til Stedje sokneråd, 512003. Merk gåva di med «Flygel, Stedje kyrkje». Spleis: Sjå www.sogndal.kyrkja.no/flygel



Slik kan det sjå ut med eit flygel i Stedje kyrkje. Illustrasjon/foto: Hallgeir Øgaard Westli

Ei perle av ei kyrkjelydshytte



Foto: Karsten Bergheim

Kyrkjelydshytta på Nerestad i Sogndalsalen, får både omsorg og merksemd frå mange frivillige og aktive som vil ta vare på hytta.

To unge gutter frå Sogndalsalen, Jakob Husum og Eskil Elvagjeng, har sagt ja til nokre småjobbar i sesongane med gressklipping og snømåking, og dette er avlastande for kyrkjelydshytta sitt styre.

Då det vart behov for å utbetre den eine ytterveggen på hytta, med etterisolering og ny kledning, tok Johannes Tubbene og Lars Atle Fretland på seg oppdraget, og det er vi veldig glad og takksame for.

Hytta vil bli oppgradert og oppussa meir etter kvart, og det er difor det også kvart år vert arrangert basarkveld for kyrkjelydshytta. 14. september var det samla kring 80 menneske med smått og stort på Stedjetunet, og dei 3 timane ein slik kveld handlar om mykje meir enn loddosal og gevinstutdeling!

Birte Husum hadde andakt, og elles var praten livleg og tempoet stort, kaffi og gode påsmurde skiver gjekk unna! Det var loddosal på butikkane i forkant, og næringslivet bidrog med nokre av gevinstane. Nettoinntekt vart vel kr 38.000,-. Arrangementet og forarbeidet med basaren engasjerte vel 30 frivillige, og dette er ein vel så fin bonus som sjølve inntekta.

Hytta vert leigd ut i ulike samanhenger, og om du ynskjer å kome til eit fint og roleg område for å samle ei foreining eller gode vener, så er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret!



Gitte Therkelsen Torstad
Tekst og foto

Birte Husum
Foto

Kvardagstru våren 2023

Frå første februar og fram til påske arrangerer kyrkja i Sogndal ein serie på fem samlingar med overskrifta Kvardagstru på Stedjetunet.

Kvardagstru er samlingar for møte mellom nettopp kvardag og tru. Vi håper mange vil finne det spennande, kjekt og verdifullt å bli med.

Det er sett ned ein komité som i skrivande stund arbeider med å utforme gode samlingar med spennande og varierte tema.

Vi i komiteen håper samlingane skal gje rom for nye tankar, refleksjonar, sosialt samvær og noko å bite i, og ikkje minst at det skal vere ein kjekk og meiningsfull møteplass for alle som tek turen.

Vi har spurt nokre i komiteen om deira tankar om kvardagstru.

«Eg håpar at kvardagstru-kveldane skal vere med på å styrke trua i kvardagen. Gjere trua meir berekraftig til å tåle alle slags dagar. Så håpar eg også at det vil vere ein møteplass med rom for å kome som ein er og at dei som kjem kjenner seg velkomne.»

Tone

«Jeg tror virkelig dette er et tilbud som Sogndal trenger.»

«Jeg for min del syns det kunne vært spennende å ha et tilbud hvor en kan få reflektere rundt tro og hverdag utenfor de mer tradisjonelle arenaene for kirken.»

Øystein

«Eg håpar at kvardagstru kan vere ein stad å møtast og skape eit fellesskap der vi deler tankar om trua vår i våre ulike kvardagar, kva som held oss fast i trua trass uro rundt oss og det som kan skape tvil.»

Ann Karin



Kvardagstru har vore arrangert tidlegare. Vi håper at mange som har vore med før kan kjenne att noko av det gamle, samstundes med at komiteen har klart å skape noko nytt og spennande.

Komiteen gler seg og håpar dette kan vere ein plass som mange har lyst å kome til. Vi trur og dette kan verte ein god sosial arena for mange.

Hjarteleg velkommen!

Magny Ugulsvik Bukholm
Tekst

Margot-Helene Backer-Owe
Foto

Komiteen for Kvardagstru:

| | |
|------------------|-------------------------|
| Helge Torstad | Andreas Eikevik Danbolt |
| Øystein Frøyland | Ann Karin Sandal |
| Tone Næsje Sætre | Marta Fimreite |
| Astrid Bondevik | Magny Ugulsvik Bukholm |



SAMLING PÅ STEDJETUNET - SOGNDAL
ANNAKVAR ONSDAG KL. 19-20:30

KVARDAGSTRU

Ei stund for refleksjon, kunnskap og sosialt fellesskap knytt til tru og kvardag.

1. FEBRUAR 2023
KL. 19-20:30

15. FEBRUAR 2023
KL. 19-20:30

1. MARS 2023
KL. 19-20:30

15. MARS 2023
KL. 19-20:30


29. MARS 2023
KL. 19-20:30



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Sogndal

Skaparverkstur 2022:

Haustens vakraste eventyr i Sogndalsdalen



5 ettermiddagar i løpet av 2 veker i september, var størstedelen av alle konfirmantane i Sogndal på den tradisjonsrike «Skaparverksturen» i Sogndalsdalen. I starten av konfirmantåret er «Gud Fader, skaparen vår» tema for dei ungdommane som er konfirmantar i kyrkjelydane våre.


Etter skuletid gjekk turen til Hodlekvebrui, og derfrå gjekk konfirmantane i grupper langs vegen inn til Kyrkjelydshytta på Nerestad. På vegen var dei innom ulike tema-stasjonar, og møtte vaksne til samtalar omkring vitskap og tru, gåvane Gud har gitt oss i skaparverket, menneskeverd og korleis me tek vare på skaparverket. Vel framme på hytta møtte dei god hyttestemning med fyr i peisen og etter kvart servering av pølser i brød. Oppsummering, quiz, utdeling av konfirmantboka «Konflogg» og ei oppgåve med å fargelegge Gud var innhaldet i det som hende på hytta.

Skaparverksturane var også dette året ein viktig del av ein god start på året saman med konfirmantane. «Og alle var samde om at det hadde vore ein fin tur!»

Vegard Bondevik Lie
Tekst

Kyrkja i Sogndal
Foto





Høgt oppe i kyrkjetårnet heng det ei diger klokke



22. oktober var det endeleg duka for tårnagentdag i Ølmheim kyrkje, utan koronatiltak og kohortar. Det var 18 påmeldte 8-9-årige agentar denne gongen, til tross for at arrangementet kolliderte med BAMA-cup i Sogndal same helga. Agentane hadde reist heilt frå både Leikanger, Fjærland og alt imellom.

Veret var på vår side, for duskregnet om morgonen gav seg før me sette i gong. I våpenhuset sto trusopplærar Birte og tok imot dei spente tårnagentane og englevaktane deira. Før dei slapp bort til dørvakta (alias kyrkjetenar Cristina), sjekka Birte om dei hugsa passordet for å kome inn. Alle saman hadde pugga det hemmelege ordet, og slapp inn i kyrkjerommet utan problem. Innanfor kyrkjedøra måtte tårnagentane gjennom ein labyrinth, der dei skulle løyse oppgåver på vegen. Ein kode skrive med det hemmelege tårnagentalfabetet vart tolka med glans. Dei skreiv namna sine og sette fingeravtrykk på ein plakat. Dei klatra over og under benker, gjennom ein tunnel, leitte og fann noko fint, og snirkla seg gjennom eit finurleg «lasersystem» for å få tak i agentbevisa sine.

Agentane vart delt inn i tre grupper. Første gruppeoppgåva



var å løyse ein kode i Bibelen for å finne namnet til gruppa si. Med hjelp frå diakoni-student Margot-Helene og prestane Vegard og Kathrine fann gruppene fram til desse flotte gruppennamna: Bartimeus, Simon Peter og Maria Magdalena. Alle gruppene vart såleis oppkalla etter nokre av dei personane som kjende Jesus godt.

Dei tre gruppene fekk kvar sine områder i kyrkjerommet dei kunne utforske etter tur. Ved døypefonten snakka dei om dåp, og fann symbol både på dåpslys, dåpsklut, i døypefonten og sjølve vatnet som ein blir døypt i. Ved altaret snakka dei om den flotte altartavla, kva som står på altarbordet, korleis ein gjer det med nattverd og kva det betyr. Elles i kyrkjerommet fekk agentane utdelt kort med spørsmålsteikn på, som dei kunne legge ved ting i kyrkja dei lurte på. Dei gjekk i lag rundt til alle spørsmålsteikna og snakka om det agentane lurte på. Kvifor heng det eit skip ned frå taket i kyrkja? Kvifor er det ei skrå list på kyrkjebenkane? Korleis tener ein stearinlysa i lysekruna? Kven bygde Ølmheim kyrkje?

Andre oppgåver agentane fekk var å teikne eller byggje si «draumekyrkje» hjå diakon Gitte og Margot-Helene i kapellet. Dei fekk leite etter ulike stader i kyrkja, og såg etter symbol på kyrkjegarden. Der fann dei både hjarte, krossar, duer og mykje meir.

Høgdepunktet var kanskje å besøke klokketårnet, der Vegard prest viste dei symbol på klokken og korleis dei fungerer. Nokre modige agentar kikka ut gluggen høgt der oppe i tårnet og ned på Emanuel og Cristina som grilla pølser. Etterkvart kjende vel kvar og ein rumling i magen. Det var godt å få i seg mat og drikke før dagen vart avslutta med ei lita gudsteneste i kyrkja.

Då var også organist Arild på plass, så me fekk synge i lag med orgelmusikken. Gudstenesta vart ei fin oppsummering av det me hadde lært gjennom dagen. Alle fekk Tårnagentavisa og ein forundringspakke med seg i handa. Slik fekk dei både eit minne frå dagen og idéar til korleis dei kan vere agentar heime og i eigne kyrkjer. Om du møter på ein Bartimeus, Simon Peter eller ei Maria Magdalena på din veg, kan du også spørre om kva dei har oppdagat. Kanskje lærer du også noko nytt? Men spør dei ikkje om passordet; for det er hemmeleg!

Birte Husum
Leiar for trusopplæringa i Sogndal,
tekst og foto

Anita Instefjord
Foto

Gitte Therkesen Torstad
Foto







BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøynt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Å | F | J | O | D | E | L | I | J | Q |
| U | B | E | T | L | E | H | E | M | A |
| M | E | S | S | I | A | S | N | A | U |
| U | L | U | I | G | U | G | G | R | G |
| J | O | S | E | F | F | J | E | I | U |
| O | L | P | Å | S | W | E | L | A | S |
| N | A | S | A | R | E | T | X | Ø | T |
| S | M | A | K | K | I | A | L | F | U |
| I | P | S | I | D | U | R | K | I | S |
| K | R | U | B | B | E | A | Y | V | I |
| I | R | A | B | A | B | R | A | B | Ø |

Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fargelegg!





Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 2023

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn

Babysong for 0-åringar

Dette er eit trusopplæringstiltak for dei yngste i lag med foreldre som har permisjon/fri. Me innleier med ein halvtimes songstund frå kl. 11.00, og et lunsj i lag etterpå fram til 12.30. I periodane 25.1.–22.3 og 12.4.–11.5. Sjå heimesida for informasjon om datoar, klokkeslett og vekedagar.

- Kaupanger bedehus.
- Stedjetunet.
- Leikanger kyrkjelydshus.



Tårnagentdag laurdag 6. mai i og ved STEDJE kyrkje for ALLE som fyller **8 og 9 år** i 2023. Oppdagingsferd i kyrkja, med tårnbesøk og hemmelege spor, mat og kjekke oppgåver. Dette gler me oss til, og håpar å treffen mange nyfikne agentar. Det vil kome invitasjonar i posten til dei som er medlem, tilhøyrige eller trusopplæringsabonnentar, men andre i aldersgruppa er også velkomne. Me opnar for påmelding på nettsida vår, og det vil vere ein påmeldingsfrist. **FØLG MED!**



Småtrolltrall for 1–3-åringar

Nokre torsdagar i vinter/vår møtast me på Stedjetunet for song og leik, kjeks og saft kl. 17.15–18.15.

Sjå heimesida for datoar. Me har ca ein halvtimes songstund med rørsler, rim og regler. Det er lov å ta med seg både søskan, foreldre og besteforeldre.



Foto: Pixabay.com

11-årsbøker

Kvart år deler kyrkjelydane ut «BIBELEN, ei vandring gjennom den store forteljinga» til 11-åringane. I 2023 vert 11-åringane inviterte til

5. februar:

- Stedje kyrkje kl. 11.00
For Stedje og Kaupanger sokn
- Ølmheim kyrkje kl. 11.00
- Leikanger kyrkje kl. 17.00
12. februar:
- Fjærland kyrkje kl. 11.00.



For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL
Du finn oss og på Facebook:
Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Sprell Levande gudsteneste

Stedje kyrkje 5. mars kl. 11.00

- 4-åringane fødde fyrste halvår 2019 vert inviterte til å få 4-årsboka.
- 5-åringane vert særskilt inviterte: Får ei lita helsing. Heile familien er velkommen.

4



6-årsbøker vert også delt ut i 2023, men her er ikkje alt på plass av datoar enno. Det kjem seinare.



Fekk du ikkje høve til å kome på gudstenesta der me delte ut bok til dei som fyller 4, 6 og 11 år i 2022? Kom gjerne innom kyrkjekontoret og hent deg ei bok. Ved spørsmål: ta kontakt med trusopplærar Birte.

Kontakt

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak i sokna Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland?

Ta kontakt med trusopplærar Birte Husum, tlf. 947 98 799 / birte.husum@sogndal.kyrkja.no

Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 2023

Balestrand sokn

Babysong/småbarnstreff (0-3 år)

Velkommen til prat, song og føremiddagsmat på Helsestasjonen kl. 10.30-12 desse måndagane: 9. januar, 6. februar, 6. mars. Følg gjerne Facebook-gruppa Balestrand babysong eller ta kontakt direkte med kyrkjelydspedagogen (466 97 476).



Adventssamling for småbarnsfamiliar (0-5 år)

i St. Olafs kyrkje onsdag 7. desember kl 17.30-18.00. Julekrubbe, song og gåver til borna.



Alle som går på ungdomsskulen er hjartegleg velkomne på Samtalegruppe annakvar tysdag kl 19.30-21.30 heime hos familien Risa i Fjærstad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre kjende med Gud og kvarandre.

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL
Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Minikonfirmasjon for 5. klassingar våren 2023:

Samlingar i Kyrkjestova rett etter skulen onsdag 11.1, 18.1, 25.1. og 1.2. Gudsteneste med utdeling av Bibel i Tjugum 15.1. og diplom i Sæle 5.2. Minikonfirmanthelg på Alværa (Lavik) saman med minikonfirmantar frå Ytre Sogn. Påmelding til Magni (466 97 476) innan 9. januar.



Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) på Bedehuset kl 18-20 fredag 13.1, 3.2, 3.3, 31.3, 21.4. og 2.6.



Går du på ungdomsskulen eller på vgs er du hjartegleg velkommen på:

- Møte med «Farmen-presten», Thor Haavik, på Sygna 1. desember kl. 20.
- T-dag med KRIK 2. desember i Belehalli kl. 16.30
- Julemøte/Ung Messe torsdag 8. desember kl. 20 i Møtesalen på Sygna
- Ungdomskveld på Bedehuset 27. januar kl. 21-24.

Velkommen til kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!

I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua. Velkommen på blant anna:

- Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år) kl. 17.30-19.00 onsdag i partalsveker (haust) og oddetalsveker (vår)
- KRIK (14-20 år) kl. 16.30-18 kvar fredag
- Kveldsmøte i møtesalen på Sygna vgs kl. 20 kvar torsdag

Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand? Eller ynskjer du berre ein prat?

Ta kontakt med kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon Magni Åm Risa, tlf. 466 97 476 magni.risa@sogndal.kyrkja.no

Julehelsing til frivillige

«Frivillighetens år 2022 skal feire Norges viktigste lagarbeid! Alle lag, foreninger, frivilligsentraler, kommuner og andre samarbeidspartnere inviteres med til å synliggjøre og aktualisere frivilligheten, øke kjennskap og anerkjennelse og til å få flere med! Året er forankret i regjeringens Frivillighetsmelding.»

Dette var meldinga som kom når regjeringa lanserte frivillighetas år.

I kyrkjelydane våre har frivilligheita eksistert i mange, mange år, og det er gledeleg at me framleis kan seie at utan deg som frivillig, ville arbeidet i mange samanhengar ikkje gått rundt. Du skal vite at det du gjer av ulike oppgåver, har svært stor betydning for kyrkjelydane våre. At du kokar ei kanne kaffi, ynskjer folk velkomme til kyrkje, rakar lauv på kyrkjegarden...; eg kunne ha nemnt mange oppgåver du som frivillig er med på, men då ville eg sikkert brukt mange sider i bladet, alt som blir gjort er verdifullt! Eg vil håpe at du tenkjer det same, at alt er verdifullt.

«Til å få fleire med» står det det òg i meldinga. Det er, og vil alltid vere bruk for fleire, oppgåver er det mange av. Går du som frivillig og tenkjer at han eller ho kunne sikkert ha gjort ein innsats, så må du berre spørje, for det er nokon som går og tenkjer at eg blir ikkje spurd! Då kan kanskje nettopp ditt spørsmål vere med på at den personen vil også melde seg til frivillig arbeid. Det er du som kjenner til den oppgåva du har, som er den beste ambassadøren for rekruttering.

Det nærmar seg jul, og eg håpar du får ei fin julehøgtid med alt det inneber. I år får me feire gudstenester på «normal» måte igjen. Eg vil håpe, anten du har ei oppgåve eller er på gudsteneste i høgtida, kan late freden senke seg, og ta med det som er hovudbodskapen: At Gud sende sin eigen Son til jord for alle menneske.

Til slutt! - Du som har gjort eller gjer ein frivillig innsats, om den er liten eller stor, om det er ein gong eller fleire gonger over lengre tid: Ei hjartans stor takk for den innsatsen akkurat DU gjer! God jul!

Helge Torstad

Tekst

Vi oppmoder fleire til å bli med som frivillige i kyrkja sitt arbeid! Kyrkja treng den variasjonen, erfaringa og kompetansen som er å finne blant forskjellige menneske, til ulike oppgåver.

Men viss vi tek ein annan innfallsvinkel; det du kan bidra med, som du likar eller er god på, det gir styrke og glede for deg sjølv og for fellesskapet! Vil du hjelpe til på Stedjetunet med praktiske oppgåver? Vil du vere med i konfirmantarbeidet?

Kan du vere med ute når det skal ryddast og vølast? Kor mykje og kor ofte du skal vere med bestemmer du sjølv. Ta gjerne ein uforpliktande prat med oss på kyrkjekontoret: 57 67 99 85

Jula 2022 i kyrkjene våre

GUDSTENESTER

Sundag 11. desember
Stedje kyrkje kl. 11.00

Sundag 18. desember
Fjordtun oppvekstsenter (Vetlefjorden, Balestrand)
kl. 11.00

JULAFFTAN:

Leikanger kyrkje kl. 12.00 og kl. 16.00:
Julafangudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 13.00 - 15.30:
Open kyrkje

Leikanger sjukeheim kl. 13.00:
Andakt

Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:
Andakt

Stedje kyrkje kl. 14.00 og kl. 16.00:
Julafangudsteneste

Kaupanger stavkyrkje kl. 14.00 og kl. 16.00:
Julafangudsteneste

Sæle kyrkje kl. 14.00:
Julafangudsteneste

Ølmheim kyrkje kl. 14.00:
Julafangudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 16.00:
Julafangudsteneste

JULEDAG:

Tjugum kyrkje kl. 12.00:
Høgtidsgudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 12.00:
Høgtidsgudsteneste. Leikanger mannskor,
korgruppe og blåsergruppe deltek

Stedje kyrkje kl. 12.00:
Høgtidsgudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 15.00:
Høgtidsgudsteneste

NYÅRSAFTAN

Stedje kyrkje kl. 16.00:

Nyttårsgudsteneste

St. Olafs kyrkje kl. 23.00:
Nyttårsgudsteneste

KONSERTAR OG ANDRE ARRANGEMENT

Laurdag 10. desember

Stedje kyrkje kl. 18.00: Orgelkonsert ved Hallgeir Øgaard Westli

Sundag 11. desember

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Lokal julekonsert
Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Lokal julekonsert
Tjugum kyrkje kl. 17.00: Lokal julekonsert
Stedje kyrkje kl. 19.00: Lokal julekonsert

Tysdag 13. desember

Leikanger kyrkje kl. 07.30: Lucia-frukost

Onsdag 14. desember

Leikanger kyrkje kl. 18.00: Lokal julekonsert

Torsdag 15. desember

Stedje kyrkje kl. 12.00 og 18.00*. Konsert ved Trudvang skule

*Reservert for foreldre og familie av elevar

Sundag 18. desember

Skogly Kaupanger kl. 16.00: Lokal julekonsert
Stedje kyrkje kl. 19.30: Vi syng jula inn

JULETREFEST

Sundag 8. januar

Stedje kyrkje kl. 17.00: Juletrefest

Støttespelarene våre:



Ditt TRYKKERI i Sogn og Fjordane



Printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50



ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen

VANNES REVISJON OG REKNESKAP AS

Org. Nr. 912 406 326 MVA

Brattland 8

6899 Balestrand

900 15 991 - post@revisormhv.no

GRAVMINNE:



Me formidlar
nye gravminne
og innhogging
av namn på eldre.

Me tek og på-oss
oppmerking av gamle steiner!

STEDJE
BLOMSTER OG GARTNERI

Granden 9 • 6856 Sogndal • tlf. 57 67 10 37



Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG

Telefon 90 11 67 83



Byggmester
Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK
SOGN OG FJORDANE

Tlf. 57 67 66 99
www.lindbak.no

solberg
el-service



Telefon heile døgnet:
57 68 14 77

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkskule.no



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

VestlandsHus
TRYGGE HJEM

**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus®

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA

www.ncomsogn.no



ingmar fimreite as

6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331

www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**
sognkulde.no

57 67 11 11



dyreklinikken
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00

Tys og ons: 08.00 – 11.00

Tor og fre: 09.00 – 12.00

Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

THUE AS
TLF. 900 73 343

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND (57 69 12 03) – SOGN DAL (57 67 22 02)
laura@laurakv.no – 913 63 327

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

KIRKENES SOS
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

02.10.2022 Ellie Johnstad

FJÆRLAND

25.09.2022 Thorje Solberg

KAUPANGER

25.09.2022 Emilie Olstad Hagen

25.09.2022 Eva Olstad

25.09.2022 Tiril Aasen

01.10.2022 Stian Kveane

NORUM - ØLMHEIM KYRKJE

02.10.2022 Amalie Berdal (Gaupne)

02.10.2022 Reodor Øyre

STEDJE

11.09.2022 Daniel Olstad

18.09.2022 Lea Helland Mo

18.09.2022 Johannes Søgnesand Stadheim

18.09.2022 Ludvik Dybos Nes

09.10.2022 Sunniva Åberge

09.10.2022 Johannes Fardal (Kaupanger)

VIGDE

KAUPANGER

03.09.2022 Vegar Hestad Volle og Monica Vedvik

09.09.2022 Geir Arne Grønsberg og Randi Løvfald Flugeim

GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

17.03.2022 Åsta Målsnes (Bergen) f. 1922

(bisetjing i Bergen, urne sett ned på Tjugum kyrkjegård)

BALESTRAND - SÆLE KYRKJE

09.09.2022 Ann-Kristin Feten (Bergen) f. 1978

KAUPANGER

16.09.2022 Inga Johanna Rand f. 1938

04.10.2022 Jan Kåre Lund f. 1968

(gravferd fra Farnes kyrkje, Øvre Årdal, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegård same dag)

STEDJE

09.09.2022 Arnor Navarsete f. 1950

16.09.2022 Liv Kjøstvedt f. 1926

27.09.2022 Svanhild Solheim f. 1926

18.10.2022 Ottar Øyrehaugen f. 1937

Følg Kyrkja i Sogndal på Facebook og Instagram



Kyrkja i Sogndal



@kyrkja_isogndal

Del dine bilete med oss: #kyrkja_isogndal #deletrу #gladikyrkja

Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar.

Følg med på våre nettsider, våre profilar på Facebook og Instagram, og i Sogn Avis for oppdatert informasjon.

I perioden januar–mars vil gudstenestene i Stedje kyrkje bli felles for Stedje og Kaupanger sokn

| DESEMBER | | | MARS | | |
|--|---|-------------------------------|--|---|--|
| Sundag 11. desember | | | Sundag 12. februar | | |
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste |
| Sundag 18. desember | | | Sundag 19. februar | | |
| Fjordtun oppvekstsenter (Vetlefjorden, Balestrand) kl. 11.00 - Adventsgudsteneste | | | Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste med markering av Diakoniens Dag |
| Stedje kyrkje kl. 19.00 | - | Vi syng jula inn | | | |
| Julaftan og juledag | | | Sundag 26. februar | | |
| For gudstenester julaftan og juledag, sjå liste på side 27. | | | Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste |
| Nyårsaften, 31. desember | | | Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - | Fakkeltoggudsteneste |
| Stedje kyrkje kl. 16.00 | - | Gudsteneste | Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste |
| St. Olafs kyrkje kl. 23.00 | - | Midnattsgudsteneste | | | |
| JANUAR | | | APRIL | | |
| Sundag 8. januar | | | Sundag 2. april - Palmesøndag | | |
| Sæle kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | Fjortun oppvekstsenter (Vetlefjorden, Balestrand) kl. 11.00 | - | Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | Fjærland kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste |
| Stedje kyrkje kl. 17.00 | - | Juletrefest | | | |
| Sundag 15. januar | | | | | |
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Ølmheim kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Stedje kyrkje kl. 19.30 | - | Kveldsgudsteneste | | | |
| Sundag 22. januar | | | | | |
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - | Salmekveld/ Salmar & Kaffi | | | |
| Sundag 29. januar | | | | | |
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Fjærland kyrkje kl. 15.00 | - | Gudsteneste | | | |
| FEbruAR | | | | | |
| Sundag 5. februar | | | | | |
| Sæle kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - | Gudsteneste | | | |
| Ølmheim kyrkje kl. 11.00 | - | Familiegudsteneste | | | |
| Leikanger kyrkje kl. 17.00 | - | Familiegudsteneste | | | |



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblaða i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg.

Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauvar utan gjetar.» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegn ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevennen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug



Foto: Bjørgvin bispedømme